



Byggadministrasjon Harald Bjørndal As
Postboks 103
5649 Eikelandssosen

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Brevdato
26/61551	26/6015	Geir Heldal 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		01.07.2026

Løyve til tiltak i eit trinn - 27/550 - Skogshaugane - Nybygg einebustad med carport

Tiltak: einebustad m/carport og bod
Byggjestad: Gbnr: 27/550
Tiltakshavar: Victor B Aarvik
Strønevegen 435
5218 NORDSTRØNO
Ansvarleg søkjar: Byggadministrasjon Harald Bjørndal As
Postboks 103
5649 Eikelandssosen

Delegasjonssak nr.: 577/2026

Vedtak

Bjørnafjorden kommune gir løyve i eitt-trinn for einebustad m/carport og bod på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 18.06.26 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til offentleg vatn og avløp. Uttale til offentleg vass- og kloakkanlegg er gitt i sak 26/6012 datert 01.07.26.
3. Avkøyrsløse til privat veg blir godkjend slik det går fram av situasjonsplanen datert 11.06.26.
4. Tiltaksklasse blir godkjend slik det er søkt om.

Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 20-1, jf. § 20-3.

Før det blir gitt ferdigattest / mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjend ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA-anlegg
2. Ferdigattest / mellombels bruksløyve for veg og avkøyrsløse.
3. Rekkefølgekrav i reguleringsplan skal vere oppfylt.
4. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.



Generelle vilkår:

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, og ein må ha fysisk sett i gang tiltaket før denne fristen. Er ikkje tiltaket lovleg igangsett før dette, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9.

Dersom ein ønsker å endre tiltaket i høve til denne godkjenninga, må det søkast særskilt om dette.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Informasjon om tilsyn

Byggesak prioriterer tilsyn med følgjande område i 2025 jf. Tilsynsstrategien 2025-2026:

1. At det er utarbeidd dokumentasjon for oppfylling av krav til sikkerheit mot naturfarar, jf. SAK10 § 5-4.
2. At etablering av hyblar eller bueiningar i eksisterande bygg er omsøkt og lovlege, jf. SAK10 § 2-1 og § 2-2. Det vil være eit særleg fokus på at tekniske krav er oppfylt ved bruksendring til sjølvstendig bueining.

Dersom de blir valt ut som tilsynssak i høve desse område, vil de få eit skriv av tilsynsavdelinga med nærare informasjon.

I tillegg prioriterast stadleg og/eller dokument tilsyn ved søknad om ferdigattest og mellombels bruksløyve, særleg ved nybygg bustad og større næringsbygg. Tilsynsavdeling tek kontakt for avtale om tilsyn.

Ved søknad om ferdigattest må de sende inn stikningsdata for tiltaket. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon.

1. Saksopplysningar

1.1. Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av einebustad m/caport og bod,. Bustaden har eit bruksareal (BRA) opplyst til å vere 126,7 m² og samla bygd areal (BYA) 167m². carport og bod har eit samla bruksareal opplyst til å vera 31m². Utnyttingsgrad er opplyst til 27,2%.

Det blir elles vist til søknad motteke 18.06.2026.

1.2 Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for «Nordstrøno, bebyggelsesplan» (plan.id.: 20000502) er definert som område sett av til bustad.

Tiltaket er vurdert å vere i samsvar med plan og krev ikkje dispensasjon.

1.3. Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.



1.4. Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 11.06.26.

Tiltaket er plassert innanfor formålsgrense og byggegrense i plan.

Tiltaket skal plasserast i terrenget av godkjent føretak. Dokumentasjon for plassering skal sendast inn til kommunen for ajourføring av kart. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon

1.5. Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avløp i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Eigedomen skal knytast til offentleg vass- og kloakkanlegg.

Uttale til offentleg vass- og kloakkanlegg er gitt i sak 26/6012 datert 01.07.26.

1.6. Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Avkøyrsløp til offentleg veg følger av godkjent reguleringsplan. Tilkomst til eigedomen går fram av situasjonsplanen.

Det er opplyst i søknaden at krav til parkeringsplassar og sykkelparkering er oppfylt.

1.7. Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak.

Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

1.9. Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17), jf. pbl. § 29-5.

1.10. Uttale frå anna mynde

Det er ikkje henta inn uttale frå anna mynde.

3. Andre vurderingar

3.1. Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønne gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

3.3. Tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

3.4. Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8–12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå sektormyndene. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.



4. Andre opplysninger

4.1. Mellombels bruksløyve / Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

4.2. Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

4.3. Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Du kan klage på vedtaket. jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå du mottar melding om vedtak. Det er nok at klagen din er postlagt innan fristen går ut.

Du må sende klagen skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar du ønsker. Du må grunngi klagen.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing

Andrea Heitman Olsen
Leder - Byggesak

Geir Heldal
Ingeniør - Byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

27/550 - Skogshaugane - Søknad om nybygg einebustad med carport
Situasjonsplan
Fasadar
Plan 1. etasje
Snitt
Terrengsnitt
Gjennomføringsplan

Kopi til:

Victor B Aarvik

Strønevegen 435

5218

NORDSTRØNO